



GJENNOMGANG AV SENTRUMSPLAN FOR BISMO 2017

Godkjent av Skjåk kommunestyre 22.02.2018

Innleiing

Formannskapet sette hausten 2016 ned ei arbeidsgruppe for utvikling av sentrum i Bismo.

Mandatet for arbeidsgruppa var:

Sjå på ei heilskapleg utvikling av Bismo sentrum og Ofossen mølle, med vekt på aktivitetstiltak, gode møteplassar og gode buområde. Samspel mellom offentleg sektor (kommunen), private verksemdar, frivillige lag og organisasjonar og ev eldsjeler er ein viktig del av prosessen.

Ajourført plan med kartdel skal vera ferdig innan 1. juni 2017.

Arbeidsgruppa vart ferdig med planen innan fristen og kommuneadministrasjonen har nå laga ein rapport av det gruppa har kome fram til.

Arbeidsgruppa har vore følgjande:

- Nina Kveum
- Merete Dagsgard
- Mathilde Skamsar
- Konrad Soglo
- Heidi Banken Fallingen
- Eli Johanne Lundemo frå kommuneadministrasjonen
- Per Dagsgard frå kommuneadministrasjonen

Ola Yttre vart oppnemnt som medlem, men har ikkje hatt høve til å stille.



Arbeidsgruppa har hatt 6 møter.

GJELDANDE SENTRUMSPLAN.

Sentrumsplan for Bismo er frå 2011, utarbeidd av landskapsarkitekt Ingfrid Lyngstad. Arbeidsgruppa har kome fram til at denne planen med kartdel fortsatt skal gjelde, men har arbeidsmøte konsentrert seg om tiltak i tillegg til denne planen.

Det er derfor ikkje utarbeidd ny kartdel anna enn skisser for dei ulike tiltaka.

Teknisk kart er i tillegg dyre å framstille og når det ikkje er budsjettert med midlar til tiltaket har ikkje gruppa lagt opp til slike kart.

For dei enkelte tiltak kan det vera nødvendig å innhente hjelp t.d. frå landskapsarkitekt for vidare planlegging.

TEMA SOM ARBEIDSGRUPPA HAR SETT PÅ.

- Det indre sentrumsområde frå Skeimo og vestover t.o.m. Kjøpesenteret. Fokus på Friviljugsentralen, »Autoservica», gamle brannstasjon
- Aktivitetsområder
- Stignett/gang- og sykkelveger
- Trafikksikring
- R.v. 15 fartsgrense/gatelys/skilting/portalane
- Skilting internt i Bismo
- Friareala inkl. området vest for Signegarden og Skeisøya
- Lyssetting av objekt
- Areal som skule/barnehage nyttar, både nærområde og andre områder i Bismo
- Hoppbakken
- Gangbru til Lundagrende

- Sykkel/sykkelutleige/sykkelparkering
- Gondolbane i Bispberget
- Ofossen Mølle

Det indre sentrumsområde frå Skeimo og vestover t.o.m. Kjøpesenteret. Fokus på Friviljugsentralen, »Autoservica», gamle brannstasjon

Skjåk kjøpesenter

Eigar av Skjåk kjøpesenter, Jostein Hole var invitert for å drøfte spørsmål om området rundt Skjåk kjøpesenter.

Talet på parkeringsplassar er eitt vesentleg tema. For lite parkering på sommarstid. Kart over området ved Skjåk kjøpesenter viser at området har vorte konvertert til parkeringsplassar.

Viktig med trafikktilgang for varelevering og tilgang til ladestasjonen. Plan om vasshjul ved kjøpesenteret, korleis kan dette innpassast i planane.

Lage ein eigen plan for opprusting av arealet mellom rv. 15 og kommunal veg ved avkjørsla vest for kjøpesenteret.

Flaggstenger blir restaurerte.

Behov for å sjå på rabatten mellom Kjøpesenteret og YX.

Glascontaineren – kan den bli erstatta av minimiljøstasjonar rundt om?



Skeimoplassen

Området fekk ei kraftig opprusting under førre sentrumsplan og fungerer greitt. Det er behov for vedlikehald, serleg belegningsstein og kantstein. Fontena vart sett i drift att hausten 2017.

Det burde vore eit torg tilknytta Skeimoplassen, skjerma for trafikk, der ein kan ha marknadsboder m.v. Kanskje kan ein samarbeide med friviljugsentralen om dette?



Ålmenningvegen.

I samband med skuleprosjektet er det spørsmål om å stenge delar av Almenningsvegen mot Skjåk kjøpesenter. Kan bli mindre køyring når barna bur i Bismo og ikkje treng skuleskys. Kan foreldre/lærarar eller dei største elevane fungere som ei trafikkvakt? Skilt med gjennomkøyring forbode i ei bestemt tidssone kan vere ei løysing.

Forholdet til barnehagane må også takast med i vurdering.

Krysset ved Friviljugsentralen og Bussterminalen

Arealet aust for YX – der det gamle busskuret sto – korleis kan ein utnytte det?

Nord aust for busstoppen ved Røde Kors-tomta:

Forslag om flytting av bussøy og erstatte den innerste lomma med parkeringsplassar. Evt. kan parkeringsplassar leggjast langs adkomstveg mot R. Banken. Plasser må merkast for funksjonshemma.



Autoservica

Bygningen bør nyttast til det den er tenkt til i reguleringsplan, forretningsverksemd.

Den ligg svært sentrumsnært og like inn til rv. 15, dette bør utnyttast.

Gamle brannstasjonen

Steinlegging framfor portane.



Fortetting langs rv. 15

For at Bismo sentrum skal bli eit enda betre sentrum og bere preg av å vera eit tettstad er det viktig å få bygd ut restareala langs rv. 15 på ubebygde areal som er regulert til byggjeareal. Dette gjeld særleg arealet vest for gamle brannstasjonen og aust for «Fjukentomta»

Aktivitetar og aktivitetsområder

Uteareal skuleområde

Gruppa gjekk gjennom situasjonsplan for ny skule.

På planen er det inntegna akebakke på leikeområde. Dette er forma som eit amfi, kan dette nyttast ved tilstellingar sommarstid ?

Vurdere «mjølkerampe» i same område (Ein enkel installasjon der ungdom kan opphalde seg)

Stenging av Ålmeningsvegen er teke opp tidlegare i gruppa, det har også kome spørsmål om fartsdump ved den nye parkeringsplassen. Gruppa meinte det bør vurderast ein fartsdump etter vegen lengst vest på parkeringsplassen.

Plassering av barnehage er truleg best der den er i dag. Det er ein del utfordringar med trafikksikring nå under anleggsperioden.

Gruppa diskuterte også framtidig «kultursal». Skjåkhallen kan nyttast, men er for stor. Marlo grendehus bør takast opp som eiga sak i samband med at Marlo skule blir lagt ned.

Grendehuset mister inntekter, i dag betaler kommunen leige og forsikring på bygningen. Kan kommunen overta grendehuset?

Friareal som aktivitetsområde.

Gruppa meinte at ein bør nytte ressursane på friareala rundt skule/barnehage og vest for Signegarden. Areala rundt skule/barnehage vil bli teke hand om i samband med utbygging her.

På arealet vest for Signegarden er det store moglegheiter.

Stranda mot Otta elv må takast vare på, den påtenkte badedammen kan leggjast på is.

Idè om klatretårn og «pumptrack»

I kommuneplanrevisjon må det leggjast inn samanhengande friareal langs Otta elv frå Signegarden og forbi Bispen camping.



Stemneplassen i Bismo

Sentrumsplangruppa vil rå til at denne ikkje blir utlagt til tomteareal, men at den blir sett i samanheng med ny 1-10 skule. Det vil vera naturleg å nytte sentrumsareala ved 1-10 skulen til utearrangement.

Stemneplassen bør ikkje leggjast ned, kan i alle fall nyttast av skule og barnehage.



Hulderholet.

Området er regulert til friareal. Det bør leggjast til rette med skilting og lett adkomst.

Spesielt barnehagen nyttar dette området, men bør kunne nyttast av andre. Det ligg lett tilgjengeleg for besøkande på Mogard, og eigar har signalisert at han er interessert i å bruke området meir.



Møtestader.

I møte med Brukarrådet var gode møtestader eit tema. Spesielt ville Brukarrådet trekke fram at kafeane bør ha lengre opningstid.

Det er viktig å koma i gang med renovering av Skjåkhallen

Sykkelutleige

Det bør vera tilbod for sykkelutleige i sentrum

Trafikk, trafikksikring og skilting

Kommunen drøfta trafikksikring langs rv. 15 med statens vegvesen i møte 18.09.2017, referat ligg ved denne rapporten.

Det ligg inne nokre tiltak i gjeldande trafikktryggingsplan:

- Tiltak i Ålmenningsvegen forbi skulen
- Fartsdempande tiltak på kommunale veger i Bismo (fartsdumper)
- Veglys langs gang- og sykkelveg mot Vollungsbru
- Busslommer langs rv. 15 i området Industrivegen
- Betre siktforhold i krysset rv. 15/Bellingsdalsvegen
- Adkomst til gang- og sykkelveg langs rv. 15 frå Skeisvegen
- Forlenging av fartsgrenseskilt 50 km/t austover langs Bispen camping

Gangvegssystemet i Bismo er godt utbygd, men treng vedlikehald enkelte stader.

Trafikksikring i samband med stignett og gang/sykkelveger.

Fotgjengerovergangar over riksveg 15 bør sikrast bedre, td. med opphøgda gangfelt og markeringslys. Dette gjeld særleg overgangen ved gamle brannstasjon, Skjåkheimen og Bispevegen. Statens vegvesen har foreslått å fjerne gangfeltet over rv. 15 ved Bispevegen fordi dei meiner at antal kryssande er liten. Kommunen meiner at dette ikkje bør skje. Det er busslommer i området og dei som nyttar desse må kunne ferdast trygt. Bispen camping har nå om lag 100 campingeiningar, og spesielt sommarstid er det mange som nyttar gang- og sykkelvegen etter rv. 15 til utfart.

Ålmenningsvegen ved ny 1-10 skule.

Ålmenningsvegen bør stengast for gjennomkjøring forbi skulen i skuletida.



Parkering ved bussterminal.

Det er lite med parkeringsareal ved bussterminalen ved Autoservica. Sjøå forslag til løysing under sentrumsområde.

Traileroppstillingsplasser.

Når riksveg 15 Skjåk-Stryn er stengt er det behov for traileroppstillingsplasser. Gruppa har vurdert dette. Tiltaket krev store areal og ein har ikkje funne det formålstenleg å avsette så store areal i sentrum til dette.

Skilting.

Kommunen har utarbeidt skiltplan i 2014.

Statens vegvesen har hatt ein gjennomgang av skilting gjennom Bismo i samband med dette.

Kommunen og næringsforeninga har skilta i industriområdet.

Skilting det må arbeidast vidare med:

Intern skilting til idrettsanlegg, skule, lege m.v.

Opprusting av portalane langs rv. 15

Arbeide for å få opp vimpler langs rv. 15 ved spesielle arrangement. Eit alternativ til dette er å sette opp flaggstenger for bannere.

Stignett, gang- og sykkelveg.

Stignettet ut frå Bismo er bra, viktig med vedlikehald av merking framover.

Viktige stignett/utfartsårer:

- Stignett langs Otta elv (Bismorunda)
- Adkomst til stignett i Harsheimlia via Bellingsdalsvegen
- Adkomst til stignett i Harsheimlia via Berger
- Adkomst til stignett i Harsheimlia via Skeisvegen

Vurdere merking frå Bismo opp i skogen ved hoppbakken på nordgard Forberg, kanskje med info om elgfangstanlegg i området?

Her ligg det 10 elggraver frå Bispen camping og opp til kraftlina.



Gangvegssystemet i Bismo er godt utbygd, men treng vedlikehald enkelte stader.

Gangbru frå Bismo til Lundagrende.

Arbeidsgruppa har hatt med med interessegruppa for bygging av brua.

Konklusjonen på dette møtet var at kommunen legg inn brua i arealdelen til kommuneplan og at interessegruppa arbeider vidare med prosjektet med kommunen som støttespelar.

Spentstige tiltak.

Arbeidsgruppa har vurdert fleire spentstige tiltak som ein evt. kan gå vidare med:

- Lyssetting av bispeprofilen i Bispberget
- Lysssetting av gjelet i n. Juva
- Gondolbane til Bispberget



Ofossen mølle

Sjøelve mølleområdet er eigd av Ottadalen Mølle AS. Området innafor mølla (84 daa) er eigd av Ofossen utvikling AS.

Det er tidlegare vore utarbeidd ein grundig rapport for Ofossen mølle og området kring mølla.

Sentrumsplangruppa meiner det her er utarbeidd grundige planer og at det må vera opp til næringsverksemdene sjølve å gå vidare med desse planane, evt. med støtte frå kommunen. Kommunen er vegeigar og har ansvaret for Ofossen bru og vegen vestover til nye Bismo renseanlegg.

Dersom det vesentleg auka aktivitet i området som genererer stor trafikk over brua, vil kommunen få eit ansvar saman med statens vegvesen for tilrettelegging med betre adkomst frå rv. 15.

Handlingsplan kommunale tiltak i revidert sentrumsplan for Bismo 2017

År for utføring blir bestemt i økonomiplan

Prioritet	Tiltak	Kostnad (1000 kroner)
Prioritering skjer i økonomiplan	Restaurering Skjåkhallen med tilrettelegging av møteplasser	
	Restaurering Skeimoplassen, asfalt, belegningsstein, kantstein, beplantning.	300
	Vedlikehold asfalt og kantstein vegnett i sentrum	
	Minimiljøstasjon i sentrum	250
	Restaurering fontene (blir utført 2017)	250
	Plan/opprusting av rabatt mellom rv. 15 og kommunal veg forbi kjøpesenteret/YX	100
	Plan/tiltak på grønareal mot rv.15 i krysset ved Friviljugsentralen der busslomma var. Ein skulptur?	300
	Stenging Ålmenningevegen forbi 1-10 skule	20
	Parkeringsplasser ved bussterminal	100
	Oppstramming framfor gamle brannstasjon	100
	Friareal vest for Signegarden, blir utvikla av Bismo vel	Evt. tilskot frå kommunen
	Gangsti langs Fjuken frå Bergervegen til Skjåkheimen	500
	Tilrettelegging med stig til Hulderholet	75
	Grøntareal mot r.v. 15 framfor eldrebustader på Skjåkheimen (Veigstad)	
	Gangbru mot Lundagrende, prosjekt styrt av interessegruppa	Evt. tilskot frå kommunen
	Lyssetting av Bispeprofilen i Bispberget	???
	Lyssetting av fossen i n. Juva	???
	Skilt/profilering kommunehuset	15
	Flytting av tavle ved kommunehuset	15
	Banner/vimpler langs rv. 15 ved større arrangement	30
	Opprusting av portaler langs rv. 15, blomster og utsmykkning langs rv. 15.	100
	Lage ein opprustingsplan for Stemneplassen, jf, kommunestyrevedtak 22.02.2018	

Ikkje kommunale tiltak i revidert sentrumsplan for Bismo 2017

Tiltak rv. 15

Prioritet	Tiltak
	Rv. 15 Opphøgda fotgjengeroverganger (gangfelt) Skal vurderast i eigen plan, jf. kommunestyrevedtak 22.02.2018
	Justering av gangfelt og belysning av desse
	Rv. 15 Trafikkøyr i riksvegen ved inn- og utkjøring av Bismo for å senke fart.
	Rv. 15 Forlengje 50 km/t sone austover mot Bispen camping
	Rv. 15 Utskifting av gatelys
	Rv. 15 Gatelys gang- og sykkelveg mot Vollungsbru
	Rv. 15 Busslommer ved Industrivegen

Tiltak Skjåk kjøpesenter

Prioritet	Tiltak
	Opprusting av rabatt mellom kjøpesenteret og YX
	Vedlikehald flaggstenger, motorvarmerkontakter m.v.
	Vasshjul mot rv. 15

Tiltak Skjåk almenning

Prioritet	Tiltak
	Plan/tiltak på grøntareal for å markedsføre utmarkssenteret.